

## Den gamle jula

07.01.2014

**Frå 300-talet etter Kristi fødsel vart juledagen fastsett til 25. desember og i norsk folketradisjon varer jula til 13. dag, ja for nokon like til 20.dagjul. Då kom Sankt Knut og jaga jula ut. Med andre ord samsvarar trettandedagen med den gamle jula. Det er og minnedagen for dei heilage tre kongane.**

I Hardanger snakka dei gamle så seint som i 1870-åra om 'gamlejoli' Då laga dei julemat, fant fram juleølet og høgtida jula på nytt. Regelen var at det ikkje skulle gjerast grovarbeid denne dagen. Tenestefolka fekk fri frå alt anna enn naudsynt fjøsarbeid.

Etter kvart gjekk høgtida med trettandedagen ut av tradisjonen som ein heilag- og merkedag. Hjø oss markerar vi dagen meir som at no er det slutt på jula. Men ikkje heilt. Julebukkane kjem på 13. dag jul.

I Uskedalen kjem dei kvelden før, faktisk på den gamle juleafta. Dermed er vi ikkje heilt ferdige med 'gamlejoli' enno.

Måndag 13. januar kjem vil attende til 'Tjugande Knut jagar jula ut' Kor mange lokale seiemåtar har vi forresten om Knut?

Av Kristian Olav Bringedal